



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2

FEBRUAR 1979

29. årgang



Det var mor

*Kven gledde seg mest då du
kom til jor'?*

Kven bad for deg i si bøn?

Kven streva og sleit utan mange or'?

Kven venta ikkje på løn?

Det var mor.

Kven lærte deg segja ditt fyrste or'?
og taka ditt fyrste steg?

*Kven var det som gjorde deg
sterk og stor?*

og gav åt deg heile seg?

Det var mor.

*Kven lærte deg Jesus som
ven og bror?*

Kven synte deg himmelveg?

*Kven lærte deg vegen dit
Frelsaren bor?*

og å styra vel dine steg?

Det var mor.

Kven hugsa deg kvar i verda du for'?

Kven gret med deg i di sorg?

Kven lo åt din glede, liten og stor —?

Kven sa di hytte var borg?

Det var mor.

*Så har du vel hugsa ho mor
kvar dag?*

Har stroke ho lindt om kinn?

*Planta smil på dei skrukkute
andletsdrag,*

og delt med ho gleden din. —

Kvar ein dag?

K. R.

Ein god heim

Lukas 2, 41 - 52.

Kristendom er ikkje berre læra om eit liv etter døden, slik mange ser ut til å tru. Kristendom er like mykje læra om korleis vi skal leva livet vårt her på jord. Læra Kristus Jesus gav oss, skulle vera ein integrert del av heile vårt liv, noko vi bar med oss i all vår livsytring. Da skyner vi også at borna våre så tidleg som råd må fostrast til kristenliv. Her tør vi vel ta dagens forteljing som eit døme på rett fostring.

Det er ikkje mykje dei fire evangelistane fortel oss om barnsdomsdagane åt Jesus. Dei små glimta vi får hjå Lukas, syner oss at Jesus fekk veksa opp og vart handsama som einkvar annan gut i sitt land. Det vert så tydeleg understreka at han også var «sant menneske» i så måte. Slik skulle han også etter Mose-lovens ord namngjevast på den ottende dag. Mor og far ville gjera det rett. I dag får vi ein glytt inn i heimens liv og skikk då Jesus er omlag 12 år, og endå forteljinga er nokså kort, så får vi i alle fall klårt ei kjensle av at mor og far har hatt åndeleg omsut for barnet (borna) sine. «Då han var 12 år, drog dei og dit opp (til Jerusalem og templet) som skikk og bruk var i høgtida», står det. Mor og far hadde altså som god vane å samlast i Herrens hus. Dette samsvarar med ein setning vi elles høyrer nokre gonger frå Jesus-soga: «Etter sedvane gjekk han på sabatten inn i synagoga.»

Grunnlaget til denne gode vane var altså lagt i heimen hjå

mor og far. Det skin så tydeleg igjennom at både Maria og Josef har hatt omsorg for å lære borna sine Guds veg. — Guds ord. Det var nok deira ære det at han kunne svara for seg der han sat mellom dei skriftlærde i templet. Ja, ikkje berre svara han for seg, men han kunne også stille så kloke spørsmål, at han mest målbann dei som var lærd i skrifta og dei vart opp i under. Denne kunnskapen i Guds ord hadde nok mor og far lagt inn i hans sjel.

I dagens verden er det nok mange foreldre som ingen omtanke har for denne sida av menneskelivet. I knappaste laget at dei tar barna med seg til Guds hus i heile deira oppvekst. Dei er omsorgslause for kva som skal fylla barnets og ungdommens hug og sinn, likeså er dei omsorgslause for kva barn og ungdom har for seg når dei er utafor heimen. Her ser vi inn i ein heim der dei vart urolege og ottesame såsnart dei anser at sonen ikkje er i reisefylgje med dei. Dei gjer seg så stor umak at dei vender attende til Jerusalem for å finna guten att. Skulle vi som er foreldre læra noko av denne teksten måtte det vel vera dette at vi skal ha omsorg for borna våre både for åtferd og for opplæring så langt det gjeld næring for sjela også. Det gjeld ikkje berre at borna våre får gode eksamenar for dette liv. Dei skal også «ta eksaman» i dette å kjenna vegen til Guds rike. Difor tar vi borna (Framh. s. 2)



SLEKTERS GANG

Døpte

Døpte:
Orkanger

- 14.1. Håkon Alfer
21.1. Frank Hansen
4.2. Robert Kattem

Orkdal.

- 7.1. Knut Erik Kvakland
21.1. Ola Morten Bjørnås
Frode Belsvik
4.2. Kurt Sprenger
Bente Lynum
Marita Kolstrøm

Orkland

- 7.1. Gunnar Dalen
Rune Kvikne
28.1. Astrid Moe
Ingunn Stolsmo



Vigde

Vigde:
Orkdal.

- 13.1. Oddbjørn Halgunset og
Eva Marie Sundby
John Arne Skjelfjord og
Anne Marie Haugset (v. i Opp-
dal)
10.2. Einar Richard Fuglås og
Kari Sandvik



Døde

Døde:
Orkanger

- 24.12. Olga Ustad f. 1932
27.12. Einar Løvås f. 1898
30.12. Sigurd Kjønlø f. 1906
31.12. Einar Svorkmo f. 1900
5. 1. Signe Langseth f. 1911
12. 1. Lovise Nærviik f. 1901
28. 1. Aase Dybdahl Olsen f. 1902

Min mors Gud

Det har vært «MORS DAG». Når en sitter alene i lugaren i de stille kvelder, mens båten pløyer de store hav, kommer ofte minnene strømmende på en. Tankene går tilbake til hva ens MOR har betydd, og fremdeles betyr for ens innstilling til livet. Og jo eldre man blir, jo tydeligere stiger bildene fram, så langt en kan huske bakover.

Bare ordet MOR, setter tankene i sving, så en sier med seg selv. Husker du den gangen, og den gangen.

Det som en husker best, er en kjærlig mor som ga seg selv i et selvutslettende arbeide, for at barnet (barna) skulle få leve opp i et trygt og godt liv i hjemmet.

Jeg husker min MOR, med et lyst og vennlig sinn, og som ALLTID sang i arbeid og fritid. Og hvilken sang? Jo, alltid til GUDS ære. Jeg opplevde til og med at hun sang med høy klar stemme i søvne, slik at både far og jeg våknet. Du sang så vakkert, sa far.

Hennes gudstro var så naturlig og klippefast at den smittet på hele familien. Hun fikk da også stadig oppleve at hun var under sin GUDS beskyttelse i medgang og motgang.

Ja, i motgangen da far døde mens vi var mindreårige, fikk hun og vi barna oppleve at: «Han er enkers forsvar og farløses Far».

Hun kunne si at barna var en GUDS gave, som var henne betrodd. Og vi barna kunne med rette si at MOR var virkelig en gave fra Ham til oss igjen.

Geitastrand

- 4.1. John Halsen f. 1889
6.1. Josefine Hukkelås f. 1889
22.1. Eli Ofstad f. 1898

Orkdal.

- 1.1. Inger Dahl f. 1901
2.1. Lilly Johanne Evjen f. 1909
3.1. Johanna Martine Kvakland f. 1894
19.1. Steffen Rogstad f. 1899 (grl. i Støren)
21.1. Ingebrigt Engen f. 1894
25.1. Gurine Kråkdal f. 1893
27.1. Ingeborg Sundli f. 1889
28.1. Arne Meås f. 1905
30.1. Sivert Førveimo f. 1904

Orkland.

- 2.1. Hanna Gundersen f. 1898

En kan ikke fri seg fra tanken at MORSKJÆRLIGHETEN, og da vil jeg også ta med FARSKJÆRLIGHETEN, må være et lite men EKTE gjenskinn av skaperens KJÆRLIGHET til menneskene.

Det er ingen prestasjon, men noe nedlagt i mennesket fra skaperens hånd og vilje.

Og såkornet som MOR med sitt liv, sin sang og vitnesbyrd sådde, spirte gjennom livet, selv blant terner.

I erkjennelsen av sin ufullkommenhet kom lovprisningen til HAM som var og er full av nåde og kjærlighet.

Derfor barn, stor eller liten:
GI MOR OG FAR EN BLOMST
MENS DE LEVER. DERES HJERTER
VIL FORSTA OG FRYDES!

En seilende Oldtimer.

Stuert J. Junge
M/S «Essi Anne»

(Bud og Hilsen)

Ein god heim - -

Framh. frå s. 1

våre med til Guds hus på Herrens dag.

Men sanneleg har dette ordet idag også noko å læra barn og ungdom. Det å vera lydug. Lydigheit er langt på veg mangelvare i dagens samfunn. Kanskje fordi all lydighet har sitt ankerfeste i Gudstru. Når så foreldra ikkje lærer borne sine dette, så vert også lydigheten borte.

Her står det om Jesus at han fylgde dei heim til Nasaret og var lydig imot dei. (mor og far) Å vera lydig har med fjerde bodet å gjera, — det å heidra mor og far. Den som heidrar mor og far, drikk seg ikkje full, stel ikkje bilar, lev ikkje i lauslivnad, bannar ikkje og sver. Den kristne ungdommen utgjer ein svært liten prosent i politiets protokollar.

Difor er det for alle som skal vera foreldre, ein både lettvinnt og solid investering når det gjeld borna å taka dei med til Guds hus, jamt og trutt. Får dei den skikken — «å gå etter sedvane», så veit iallfall far og mor at dei går dei rette vegar.

K.R.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

Heimen

«I heimen der hyggjer seg barnet best
til heimen vil ungdommen stunde
og mannen som sviver i aust og vest
vil heller på heimferda skunde»
syng Ivar Aasen i ein visestubb.

Slik er det vel også dei fleste av oss kjenner det. Heimen er den mest grunnleggande av alle samfunnsfaktorar enda den er det minste samfunn. I heimen øves vi opp i kjærleik og gjen-sidig offer, i å vinna over avund og å løysa vanskar i samarbeid.

I heimen får barnet læra seg lydighet og å innordna seg, men det lærer også fridom, — ein fridom under ansvar.

I heimen ber vi saman om dagleg brød og takkar for det, og lærer at det ikkje er så sjølvsgagt at vi alltid skal kunne ete oss mett. Verda ute kan fortelja oss det. Når vi sit ved bordet vil samrøda vera til like stor hugnad som maten er det. Ved bordet møtes vi og fortel kvar frå våre opplevingar. I ein god heim vil smil og glede fylle huset. Gjester vil vera velkomne, naboar og vener sjå tidt om kvarandre. Familiær som held saman, vil halda saman om samfunnet.

Det finnst statar som freistar nedkjempa familietradisjonen. Også i vårt næraste granneland er det sterke krefter i sving for å

tillate ekteskap inngått på åremål. Slike strømningar i radikal lei vil vel også syna seg i vårt land. Dette angrep på den gode heimen får vi møte med å laga mur av kristne tradisjonar ikring alt som er nedervt gjennom generasjonar er vane med å setta høgt, — mor og far, heim og fedreland. Gud sjølv sette eit solid gjerde om dette da han i det fjerde bodet sa:

Heidre far din og mor di og det skal gå deg vel og du skal lenge leva i landet.

Og dette bodordet har synt si sanning gjennom alle hundreår sidan det vart sagt, både for den einskilde og for oss som samfunn. Så må vi halda fram med å be om signing over heimen morgon og kveld. Og vi må halda fram med å læra borna våre å gå på kyrkjeveg — heile familien ilag.

Mor du hadde så mjuk ei hand
når lindt du turka min tåre.
Dronning du var i mitt alveland
Engelen ljøs imot fåre.
Mor — Gud æveleg signe.

Handa hans far min eg gløymer
kje ho
med fingrane krøkt av mein.
Ho ligg og skin i mitt minne no
så fin som ein perlestein.

K.R.

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Om markering
på salmetavla

Det er somme som er tvilrådige med omsyn til kva systemet er ved salmetavla si markering: Markerings-systemet er det same over heile landet (skal vera det iallefall) og er svært enkelt. Vi skal ta nokre døme: Døme 1: Om vi skal synga ein salme frå v. 1 — heng vi opp berre salmenumret. Står det til dømes 37 på tavla — betyr det at vi startar på v. 1 og syng fortløpande vers — sålenge organisten spelar.

Døme 2: Om vi skal synga ein salme frå eit vers eit stykke ut i salmen, må verset markerast. Står det til dømes 395.7 — betyr det at vi startar på vers 7 og syng så lenge organisten spelar anten det no blir berre v. 7 eller salmen til endes.

Døme 3: Om vi skal synga einskildvers heile salmen nedover — må dei ymse versa markerast. Står det til dømes 791. 1, 2 og 6 — betyr det at vi syng v. 1 og så vers 2 og så hoppar vi til v. 6 og derifrå syng vi sålenge organisten spelar.

Felles for alle desse døme er at det berre er organisten som treng vita kor mange vers vi skal synga frå siste versmarkering.

Ei salmetavle kan da sjå slik ut:

12. 1 og 3

37

395. 7

198. 1, 4 og 8

791. 1, 2 og 5

Vi syng 1ste og 3de vers, event. 4 v. om organisten held fram.

Vi syng frå v. 1 sålenge organisten spelar - anten det blir 1, fleire eller alle vers.

Vi syng frå v. 7 sålenge organisten spelar — anten det blir det eine verset eller fleire.

Vi syng 1. v, 4 v. og frå 8de v. sålenge organisten spelar.

Vi syng 1. og 2dre v. og held fram frå 5 v. sålenge organisten spelar.

Orkland menighet

Bibeltide

7. mars. Vi er no komne til 4. og 5. bøna i Fadervår i den bibeltimeserie indremisjon har på vennemøta. Denne gongen kjem sokneprest Olsen. Tid og stad: Svorkmo Misjonshus kl. 20.00.

Eldretreff

8. mars. Eldretreff på Misjonshuset. Besøk av sokneprest Olsen. Bevertning, og som vanleg buss frå Hoston kl. 10.00.

Ten-kveld

9. mars. Denne fredagskveld lagar vi underholdninga med konkurransar, leikar og allsang sjølve. Kveldens gjest. Andakt. Og vi har pizza som bevertning. kl. 19.30.

Familiegudsteneste/Familie-samling

11. mars. Vi prøver ein ny vri på familiegudstenesta. Borna skal vere med og forme gudstenesta. Barnegruppe vil synge. Alle søndagsskolane og barnelag vert innbedt. Vi får med ein del musikkinstrument i tillegg til kyrkjeorgelet. Blokkfloyter osv.

Etter gudstenesta: Kyrkjecola/kaffe på Misjonshuset. Her vert det allsang. Salg av aktuell barnelitteratur og vi syner barnefilmen SAMBO.

Konfirmasjonssøndagen

Konfirmasjonssdagen vert retta til 27. mai i Moe kyrkje.

Søndagsskole på Vormstad

Gleda var stor! Søndag 25. febr. kl. 10.00 startar vi søndagsskolen på Vormstad. To ungdommar har sagt seg villig til å ha ansvaret. Bente Høston og Heidi Ljøkjel.

Søndagsskolen vil halde til vekselvis hos Anny og Anders Bonde på Vormstad og hos Jorhild og Ola Ljøkjel. Det vert samling annakvar søndag. På første samlingsdagen skal vi øve på ei stor familiegudsteneste som skal vere i Moe kyrkje søndag 11. mars. Alle barn som bur på Vormstad, Ljøkjel og stadane omkring er veldig velkomen til Anny og Anders Bonde søndag 25. febr. La oss bli mange barn!

Kvinnenes Internasjonale Bønne-dag

2. mars. Moe kirke kl. 20.00. Elsa Grønning taler. Sang av Damekvartetten.

Orkanger menighet

14.2. kl. 20.00: Bibeltide i Bedehuset. Audun Slettahjell: 2. og 3. bønn i Fadervår. Samtale.

18.2. kl. 18.00: Menighetens årsfest i Bedehuset. Misjonær Else Skilnand forteller og viser lysbilder fra Fransk Kongo. Sang og musikk av menighetens krefter.

2.3. kl. 18.00: Alle kvinners bønne-dag i kirken. Fru Elsa Grønning taler.

9.3. kl. 17.00. Eldretreff i Askeladden. Sogneprest Olsen viser lysbilder fra sine turer i utlandet.

14.3. kl. 20.00: Bibeltide i Bedehuset. Olav Olsen: 4. og 5. bønn i Fadervår. Samtale.

Konfirmantforeldre i Orkanger

Tirsdag 6. mars kl. 19.30 er dere velkommen til en samling i kjellestua i Askeladden. Vi får besøk av lektor Holmås fra Barnevernsinstituttet i Trondheim. Han har som tema: «Foreldreansvar og foreldreautoritet». Etterpå blir det anledning til å stille spørsmål om temaet eller andre aktuelle ting. Det blir også en enkel bevertning.

Eldretreff i Orkdal

20. februar i Grendstuggu på Evjen kl. 15 - 17.

20. mars. Megården bedehus, Fannrem kl. 15 - 17.

24. april. Misjonshuset, Fannremsmoen kl. 15 - 17.

23. mai. Arrangeres tur til Fredly folkehøgskole, Børsa. Påmelding til Orkdal sykehjem v. Nesset. Vi får servering og omvisning på skolen. Reisa foregår med buss.

Tentreff på Geitastrand

Kjøra grendahus 8. mars.

Ofstad bedehus 5. april.

Gjølme bedehus 3. mai.

Vanlig program på alle møter.

Geitastrand

Kyrkjebussen kjører heretter frå Bjørnbe kl. 10,15 og frå Råbygda kl. 10,45.

G. K.

Premie på tentreff

A. Todal etef. Orkanger har gitt en stor fin pokal som premie for skytekonkurransen som foregår på tentrefene på Gjølme, Ofstad og Geitastrand i vårsemesteret 1979.

Obs — Obs

Trøndelag Krets av Søndagsskoleforbundet og Trøndelag Indremisjonskrets arrangerer sammen kurs for søndagsskole- og barnearbeidere:

«Ansvar for og arbeid blant barna».

Sted: Voll misjonshus, Rennebu.

23. febr. Kall til barne-arbeid? v. Tor Aas.

Sang og musikk i barne-arbeidet? v. Arthur Høyen.

2. mars. Barna i de helliges samfunn v. Bertel Aasen.

Program-opplegg v. Per Fedje.

Utstilling og salg av bøker.

9. mars Hvordan gjøre Ordet aktuelt for barna? v. Brit Jorun Hovin.

Tips til hobby-arbeid.

Alle kvelder fra kl. 19.00 - 22.00.

Alle er velkommen!

Det Norske Misjonsselskap innbyr til:

Sommerskole 79 Trøndelag

21. - 24. juni 1979.

Bakketun folkehøgskole, Verdal.

Talere:

Biskop B. O. Weider

Misjonsssek. Odd Bondevik

Misjonær Eli Aarsheim

Sokneprest A. Normann Stad

Bibeltimer og misjonsforedrag.

Anl. til å delta i mini-seminar om:

«Misjonen og de unge kirker»,

«Østen — en utfordring»,

«Misjonen og menighetene»,

«Sjæleliv og gudsliv», ev. også om

sang og musikk i kristent arbeid.

I programmet inngår gudstjeneste i Stiklestad kirke — og andre besøk på hist. grunn.

Åpen for voksne, alle aldre — også familier kan melde seg på.

Påmelding og henv. til:

N.M.S. kretskontor,

Sommerveiten 4,

7000 Trondheim

Tlf.: (075) 23 780.

som gir nærmere opplysninger.

Søndag er kirkedag
Skal din plass
stå tom?

Har du hugsa å by
kårsfolka — mor og
far skyss til
Guds hus?
Ofte?
Ofte nok?



Ja, for du hugsar vel at det står: «Du skal heidra mor din og far din, så skal det gå deg vel og du skal leve lenge i landet.» (4. bod) og «For dei grå hår skal du reisa deg, og du skal heidra den gamle, og du skal ottast din Gud. Eg er Herren!» (3. mos. 19.32)

Ingar A. Lund
takkar av



Søndag 4. 2 - 1979 takka Ingar A. Lund av som prestens medhjelpar i Orkdal. Ei stilling han har skjotta i 21 år. Lund har også vore medlem av Orkdal sokneråd i 16 år, og dessutan har han i ei årrekke køyrd kyrkjebussen frå Dorodalen og Hoston, Monset. For alt dette vart han takka av prosten ved gudstenestens slutt. Prosten overrakte ei gåve frå Orkdal sokneråd. Det var ei tinnskål med innskripsjon.

Faste for vår neste eller Brød for verden

Fastetiden står for døren. For de fleste nordmenn har dette kanskje ingen spesiell mening eller betydning idag. Det skyldes kanskje at relativt få mennesker i Norge praktiserer faste i fastetiden. Selvom mange sikkert kunne trenge både psykisk og fysisk faste i vår tid, står vi i en situasjon der denne kristne tradisjon praktiseres mindre og mindre.

Fastebøssene som Kirkens Nødhjelp sender ut har for mange gitt fastetiden nytt innhold. Her får mennesker i vår tid anledning til å muliggjøre begrepet «Faste for min neste». Ved selv å avstå fra noe, gir vi andre mulighet til å få noe. Ved at vi selv reduserer noe på vårt forbruk, kan andre hjelpes.

Fastebøssene skal brukes i hjemmet. De er altså ikke beregnet til innsamling på dørene.

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG
Tlf. 80 395

Pengene som kommer inn på de 750.000 fastebøsser som er i bruk i fastetiden i år, går direkte til hjelp for nødstedte mennesker. Et av de mest aktuelle land, der midlene fra årets fasteaksjon bl.a. vil bli satt inn, er det krigsherjede Eritrea, der hundretusener lider og sulter som resultat av en meningsløs krig. Kirkens Nødhjelp er som eneste utenlandske organisasjon engasjert i det humanitære hjelpearbeide inne i Eritrea, og har for tiden ansvaret for 100.000 mennesker.

Kirkens Nødhjelp brukte i 1978 over 6 millioner kroner på hjelpearbeidet i Eritrea, og det er sikkert at det også i 1979 vil gå med millionbeløp i dette krigsherjede landet.

Av nye utfordringer Kirkens Nødhjelp har tatt på seg i 1979, må vi også nevne nye prosjekter i Guatemala. Det gjelder prosjekter både blant den fattige indianerbefolkningen og blant slumbefolkningen i byene.

Budsjettet for 1979, som nå er klart og godkjent av styret i Kirkens Nødhjelp, kan betegnes som et «trosbudsjet». Det viser bl.a. at for å kunne følge opp de forpliktelsene Kirkens Nødhjelp har tatt på seg, må organisasjonen via fasteaksjonen, menighetsofringer og andre frivillige gaver samle inn 36 millioner kroner i år. Etter erfaringer fra tidligere år tror vi at dette skal lykkes også dette år.

Du som leser dette og enda ikke har mottatt noen fastebøsse, kan få en slik ved å kontakte det lokale preste-kontor.

Gravferd

Når nokon av våre kjære går frå oss, skal dødsfallet meldast til skifte-retten (lensmannen) og presten. Mest praktisk er det å gå til lensmannen fyrst. Han skal skriva ut ei dødsmelding som presten skal ha. Med presten avtaler ein tid og stad for gravferda, vert eininge om salmer som skal syngast og eventuelle andre innslag under sørgehøgtida, om dette ikkje alt er ordna med eit gravferds-byrå.

Etter lova må gravferda finna stad seinast den ottande dag etter dødsfallet.

Mange ventar at presten gravferdsdagen skal tala om avlidne. Og det er sjølv sagt naturleg at presten nemner nokre avskilssord frå heimen, men ellers skal presten fyrst og framst forkynna Guds lovnader om livet etter døden og om at mennesket har ansvar for sitt val. Om den døde må presten vera ytterst varsam med å tale.

Eit godt drag i norsk gravferdsskikk er den samhug folk syner overfor dei syrgjande. Framfor døden fell alle skranker. Det er norsk tradisjon at inkje skal sparast. Garden, maskina og kontoret må vike. «Stengt i dag grunna gravferd». Mange vil æra den døde med å leggja krans og halde kransetale. Det er sjølv sagt ikkje sett nokre reglar, eller sett nokon grense for kor mange slike kransar som kan nedleggast. Likevel kan det vera rett å nemna eit rundskriv som biskop Berggrav i si tid sendte prestar og sokneråd i Oslo bispedømme. I dette rundskrivet nemner han at for mange kransetalar vitnar om ukultur. Han understreker at to eller tri kransar frå den næraste familie kan vera høveleg. Lag og korporasjonar meiner han kan halde sine takketaler ved minnesamværet etterpå. Så kan det vel også trengst å fortelja kvarandre at dei døde ikkje lenger kan høyra oss. Då skulle det også vera rettast å halda kransetalen i 3. person. Vi skal berre minnast dei som for frå oss og jamvel på ein gravferdsdag høyrrer livet deira fortida til.

K. R.

5.3. Våriliv forening møte hjå Bernt Høston.

19.3. Røddemøte hjå Anne Lie.

Tortinn Svartes tankar

Eigentleg hadde eg tenkt meg på revejakt denne vakre sundagsmorgonen, difor sto eg ekstra tidleg opp for å gjera unda fjøset tidleg og som rimeleg var, var ho Emmerense smørblid. Som eg bar ut siste mjølkebytta så pønska eg på korleis eg skulle informere Emmerense om planane mine. Ho har den leie uvanen at ho slett ikkje er einig med mannen sin slik utan vidare. Ho hadde frukosten ferdug då eg kom inn. Eg renske halsen, harka og skulle akkurat til å leggja meg i startstrecken for å fortelja om revejakta, då ho tjuvstarta før meg. «Du er sanneleg omtenkksom Tortinn som gjer unda fjøset så tidleg at vi kan koma oss til kyrkje». «Jamen», sa eg. «Jada, eg hugsar då at vi har lova ungfolka å passa ungane idag medan dei er til byen, men gutane tar vi med oss». Eg skyna at nokon retrett var umogleg. Eg var gjenomskoda. Her gjekk ho Emmerense og leste tankane mine mest før eg sjølv hadde tenkt dei. Ho forstod at eg hadde tenkt meg på revejakt for å koma unda ungestyren og la ho stelle med dei fire urolege gutungane. Og så hadde ho heilt roleg tenkt. «Det skal vi ikkje ha noko av». Som den rolege, avballanserte og sindige mann eg er, sa eg ho ikkje imot. Eg visste frå hundre trefningar vi hadde hatt før utigjen-

nom åra at ho så likevel ville vinna.

Så sat vi då i kyrkja. Strategisk hadde vi ein gutunge kvar på ut-sida og dei to minste gutungane imellom oss. På veggen hadde dei fått mange formaningar om å sitja roleg. Og lenge gjekk det bra. Men då vi kom til Herrens bøn fekk minsteguten sjå at mannen bak oss ikkje knepte ihop hendene og impulsiv som han er, tala han høgt så heile kyrkjelyden hørde det: «Vi bruke å knepp hein når vi be. E gjer slik E, sjå her.» Eg fekk guten på fanget i ein fei, men endå ga han seg ikkje og ropa: «Jamin bessfar, de e da ho bessmor som ha sagt at, en ska gjer se slik».

Forunderleg nok hadde presten i preika sitert nett dette bibelordet denne dagen: «Av barns og av diebarns munn osb.» Eg laut taka med minsten ut og gjekk og vandra utanfor kyrkja til messa var slutt og Emmerense stolt kom marsjerande ut med dei tri gutane i helane. Kvinnfolk reagerar alltid annleis enn oss menn.

Her gjekk eg og var skamfull på slekta sine vegne over kyrkjeuroa, og så får eg ikkje det minste medhald av Emmerense. Ho klappa guten berre på hovudet og sa: «Det vert sikkert prest tå deg Minstemann». Åt meg sa ho: «Var det ikkje berre godt at Nils fekk høyra sanningsordet av gu-

ten. Når han ikkje har vett til å gjera som han lærte då han var gutunge hjå mor si. Vi var litt usams om dette, men jamin fekk Emmerense rett denne gongen også. Halvveges heim nådde prestebilen att oss. Presten stoppa, gjekk ut og tala med oss og gutane. Minsten klappa han på hovudet og sa: «Du var nok den ærlegaste av alle i kyrkja idag du.»

I ettermiddag har ho — bessmora, — Emmerense mi, gått ikring med eit sælt uttrykk og er blid som eit lam. Minsten har fått ein ekstra klump med bronnsukker.

Tortinn.

Speiderne

For 51. gang på rad setter triangelguttene og kfum-speiderne i ungdomsforbundet i mars i gang med sin innsamlingsaksjon for misjons- og flyktningearbeid. Selve aksjonsuken er 4. til 11. mars, og her i menigheten vil troppene og avdelingene følge opp samtidig.

Selve aksjonen starter i radio søndag 4. mars, med avgd-møte søndag ettermiddag.

Som vanlig vil den halve millionen man håper å samle inn bli delt til 3 formål:

- ungdomsmisjonen
- kfum's flyktningearbeid
- guttearbeidet i Norge.

Vi håper på din støtte når speidere og triangelgutter kommer på døren.

Gåver til bladet

Grete og Amund Wormdal 30. John Snøsen 30. Anders Sveeggen 20. O. L. 100. Olaug og Per Garberg 20. Reidar Aakerholm 20. Hallvard Morken 25. Berte og Bj. Sommervold 30. Gunvor og Iver Fossum 25. Rannveig og Audun Engen 25. Oline Solbu 20. Inger og O. B. Dahl 20. M. og A. Aunemo 20. Johan A. Ekli 20. M. og G. Forren 20. Sivert A. Sundli 20. Morten Snøsen 25. Margit og Harald By 30. Ingeborg og John Kroksæter 30. M. Mjøen 10. Sigm. Rye 30. Valborg Fossum 20. K. Asphjell 25. O. og B. Semundseth 20. Ottar Berg 20. Lilly og A. Blomli 20. Tora Østhus 20. Nystykket 100. Aslaug Kroken 10. Brit og Kjell Løkken 20. Ida Hestnes 25. Turid og Lars Mo 20. Nils Jerpstad 20. Bernt Solhuslökk 20. H. P. K. 50. Karen Blåsmo 20. Liv og Jorolf Nyborg 30. Gunvor og Ola Øyangen 25. Inger og Sverre Fandrem 20. Gunvor og Ivar Ljøkel 20. G. Slupphaug 20. Gunvor Eggen 20. Torbjørn Engen 10. Inger og Kåre Garberg 30. G. og N. Almlie 50. John Rye 20. Anders Klefsås 20. Andreas Penna 20. Aslaug og Herbert Hansen 20. Sigrid Trøøyen 10. Elisabeth og Olav Gjønnes 25. Prestmo 20. Andrea Kjønlid 20. Åsm. Selbekk 25. Jorunn og Jon Almlie 30. Hanna Dørdal 20. Karen og Samuel Pettersen 20. Olaug Sivertsen 20. Magnhild og Torkel Hallien 20. Thora Strøm 10. Tordis Strøm 10. Magnhild Kurås 25. Ella Evjen 10. Jorid og Magnar Bye 20. Randi Kvale 20. Randi og Kolbj. Sommervold 20. A. K. Solemslökk 25. Ole O. Kårmo 20.

7323 *Asbjørnslettet*:

J. Jamtgård 50. Herrmund Asbjørnslett 50. Eli og Egil Kvakland 40.

7324 *Søvassli*:

Mathea og Arnt Søvassli 30.

7330 *Svorkmo*:

Molly og Erik Bjørnbeth 20. T. og O. Svorkmo 20. Marit og Olav Dalen 20. Berta Nergård 20. R. og E. Tellerås 20. Sigrid Kvikne Tronvoll 20. Marie og Olav Sæther 20. Johanna og John Barbo 20. Ida og Asmund Aamot 20. Borgny Mosbakk 20. Arvid Strømsvåg 20. Alf Bakk 20. Sverre Asbøll 30. Gunnar Solem 20. Anna og Jan Halgunseth 25. Harald Sæterbakk 20. Ingrid og Ola Haugen 25. Anne Groven 25. Helge Sandstad 25.

Ingeborg og Olav Skjølberg 20. Ole Vormdal 20. Arne Solbu 15. Magne Aune 20. Olav Aune 20. Anton Hongslo 20. Ingrid Melting 20. Alb. Amotsøy 10. Nelly Bustad 10. Johanna Rektorli 20. K. og O. Øvervik 20. Laura og Anders Rye 20. Sverre Bakke 20. Gunhild og Peder Tronvoll 20. Ingvar Grytdal 25. Jørgen Grø 20.

7333 *Vormstad*:

Herman Knudsen 15. Olga Grø 20. R. og I. Øyum 20.

7334 *Hoston*:

Anna Lium 20.

7374 *Geitastrand*:

Ottar Sletvold 20. Anne Mari og Ole Bjørnbeth 20. Andreas Husdal 15. Arnt N. Ofstad 25. Arne O. Sletvold 20. Ingeborg S. Kvernmo 25. Grete og Arne Holmen 20. Rikard Kvernmo 20. Olaug og Anders Sletvold 20. Gunhild og Nils Ingebrigtsen 25. Tordis og Arnold Husdal 25. G. og E. Legar 20. M. og Enok Isdal 30. Eldbjørg Almlie 15. Bengt Haugnes 30. John R. Kvernmo 20. L. Bjørnbeth 20.

Utanbygds:

7000 *Trondheim*:

Guldseth s, Saturnvn. 5 B 20. Marie Rø, Nidarvoll 50. Klara og Anders Svee, Kongens gt. 89 20. Karen Hassel, Lillebergv. 6, Tyhoit 60. J. Kvam, Bugges v. 11 20. Gunhild Kvikne, Kongens gt. 81 25. Hans Kringstad, O. Kindtsgt. 19 20. Maren Raanes, Festningsgt. 11 20. Johanne Ulvær, Romolslia 17 A 10. Lars Smedhaug, Brageveien 7 A 20. Oline Wuttudal, Utlertunet 12, Risvollan 20. Synnøve Stene, Sildrøpeveien 10 D 20. Evelyn Kvam, Balders vei 1 E 20. Magnhild Henriksen, Marsvn. 2 15. Jorid Syrstad, Rølliv. 42 30. Kristine Liøkelsøy, O. Kyrres fr. 13 20. Gunnveig Lund 20.

7370 *Selbekken*:

Johan Kar. Grostad 20. Einar Ingdalen 20. Serine Grostad 10. Tore Thesen Ingdalen 20.

Ymse postnr.:

Anonym, Oslo 20. S. og B. Kvåle, Sølve Solfengsv. 3 D, 2600 Lillehammer 20. Anne Larsen, Fjellvn. 39 b, 8000 Bodø 20. H. Morken, Buvik Aldersheim, 7350 Buvika 20. Gudrun Tangen, Vestre Oterbekkevei, 3135 Torød 20. Edith Lyngen, 7396 Jerpstad 15, Øyum, Møllergt. 43, Oslo 1 20. Betsy og Gustav Ofstad, 2634 Fåvang

Orkel — et kvalitetsprodukt

Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES
MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI
7320 Fannrem - Tlf. 82 375

G. Ingebrigtsen Eftf.

DAGLIGVAREFORRETNING

7310 GJØLME
Tlf. 80 153

Velkomen til kyrkja

25.2 Søndag før faste

Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til Den Norske Israelmisjon.
Moe k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Offer til Det Norske Bibelselskap.

4.3 1. s. i faste

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til Santalmisjonen.
Ustjåren grendstuggu kl. 11.
Gudstenestleg møte v. kalls.kap. Slettahjell.

11.3 2. s. i faste

Moe k. kl. 11
Familiegudst. v. res.kap. Aasen. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.
Orkanger k. kl. 11
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til barne- og ungdomsarb.

18.3 3. s. i faste

Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjonen.
Geitastrand k. kl. 11
Familiegudst. møte v. kateket Per Solem. Offer til barne- og ungdomsarb.

50. Astrid Andøl Toombas, Ødegardsv. 34, 1838 Flateby 30. Ellen Berg, Nedre Ryensv. 33, 2010 Strømmen 30. Anne og Brage Tuflåt, 8160 Glomfjord 25. Gudrun Kirkvold, 7590 Tydal 20. A. og E. Bakken, 6345 Lesjaskog 25. Sigrid Reitan, Fredly f.h.s., 7353 Børsa 25. R. - A. Jakobsen, 7400 Oppdal 30. Marie Sveeggen, Telemark Sentralsj., 3900 Porsgrunn 100. Astrid Klungsn, 7083 Leinstrand 25. Jostein Fandrem, Messenlivegen, 2600 Lillehammer 25. Grethe og Geir Sundseth, 7353 Børsa 20. Grethe Kåsa, 3250 Larvik 25. I. og J. Ljøkelsøy, Kvenildv. 25, 7080 Heimdal 20. G. og L. Sommer-vold, 7550 Hommelvik 20. Astrid Du-aas, 7203 Vinjæra 20. Antonie Kols-haug, Jernbanegt., 7650 Verdal 20. A. S. Kvernmo, Saxegårdsvn. 13, 1600 Fredrikstad 50. Ingeborg Boksbu Sø-rensens, Skriverveien 5, 8000 Bodø 20. Jorunn Gangås, 6265 Vatne 30. M. og J. Nergård, Violveien 9 c, 1487 Tøyen-haugen 20. Ase og Sverre Solbu, Røn-ningsåsen 12, 7800 Namsos 20. Marit Grønning, Brøttemsv. 38, 7080 Heim-dal 20. Reidun Møstl, 67100 Arvika, Sverige 50, A. Spjøtvold, 7340 Løkken Verk 20. B. Kvålsvoll, 7084 Melhus 20. Målfrid Elsbak, 8297 Tranøy 20. Fam. Gravdal, 1405 Langhus 20. Gudrun Ot-tesen, Boks 42, 5040 Paradis 25. A. O. Lomundal, 7383 Rindalsskogen 30. Kristoffer Indergård, 7380 Rindal 30. Erna og Dagfinn Ulland, Bakketun f.h.s. 7650 Verdal 30. Tore Sinnes, 7383 Rindalsskogen 15. Inger og Si-vert Haugen, Furumov. 14, 2500 Tyn-set 20. Anne Mette Høiset, 7095 Ler 20. Magnar Grø, Bølevn. 14 C, 3700 Skien 20. Sødal, 7353 Børsa 30. Klara Finsås, 7760 Snåsa 25. Valborg Hols-vik, 6140 Syvde 20. Marie Rønning,

Øvre Flatåsvei 5 B, 7079 Flatåsen 20. Heidi Pedersen, Saupstadringen 8 B, 7078 Saupstad 20. Anna og Johan Lil-lery, Jarveien 40 A, 7080 Heimdal 20. Ottar Hyldmo, 7385 Storås 20. Ragna og Knut Rise, 7383 Rindalsskogen 20. P. og J. Indergård, 2645 Harpefoss 30. Anton Gangåssæter, Vardev. 17, 7080 Heimdal 20. Maren Berget, 7727 Ver-rabotn 15. Gunnvor Eidnes, 5774Loft-hus 25. Marit og John Opøien, 7340 Løkken Verk 20. Gudrun Sødal, Bjørk-vn. 29, 7058 Jakobsli 30. Ola Bakk, Nedre Varden, 4050 Sola 20. Olga Jakobsen, Vensmoen, 8255 Røklund 30. Marit Lindgård, 7070 Bosberg 20. Johanne Muan, 7390 Meldal 25. Val-borg Brekken, 7340 Løkken Verk 20. Ingeborg Skogen, 7160 Bjugn 20. Odd Sølberg, Simon Leinums vei 23, 7080 Heimdal 10.

Gåver til bladet i november i alt kr. 10005,—. Hjertelig takk.

Gåver til bladet i desember 1978.

7300 Orkanger:

R. Fossum 20. Ivar Solbu 20. Hildur og Ivar Strand 30. Ingebjørg og Gun-nar I. Ustad 30. Gunhild Kvernmo 20. Leif Øien 20. Pauline Bakk 20. D. og S. Gossé 50. G. og E. Solli 20. Jorunn Andersen 20. Sølvi Sand 50. Per Solem 20. Marit Kjerstad 10. Audun Eldevik 20. Oline og John Øyen 20. Johan Vår...? 20. Oline Eggan 20. Anna Wikdahl 20. Ragnhild og Brage Lein-um 50. Berit Larsen 20. R. og A. Røhmesmo 20. Hanna Skar 25. Arnold Lorentsen 25. G. og J. Karlsen 20. Ol-ga og Jarle Eggan 20. Liv Opøien 20. Harriet Jæger 10. M. L. Østlund 15. Berglijot Bævre 20. R. og O. Finstad 25. Liv og Einar Solstad 20. Kari og Aage Svendgård 25.

Hjertelig takk.

VI HAR SKI FOR
STORE OG SMA

A. Todals Eftf.

Tlf. 80 278

Orkanger.



Bibeltimer på Megården bedehus Fannrem

15.2 kl. 20.00 Guds folk i den gamle og den nye pakt v. res.kap. Aasen. Sang av ungdomskoret.

15.3 kl. 20.00 Glimt fra 1. Mosebok v. Gunnar Bonsaksen, Løkken Verk.

26.4 kl. 20.00 Glimt fra 1. Mosebok v. Gunnar Bonsaksen, Løkken Verk.

10.5 kl. 20.00 Glimt fra 1. Mosebok v. Gunnar Bonsaksen, Løkken Verk.

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-hild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alf-hild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren